



# Volda Kommune

## **FORSKRIFT OM GEBYR FOR OPPMÅLING OG Matrikkelføring, VOLDA KOMMUNE**

**Heimel:** Matrikkellova § 32 og matrikkelforskrifta §§ 16, 17 og 18

**Fastsett:** Volda kommunestyret den 12.12.2024 PS 113/24.

**Ikraftsetjing:** 1. januar 2025

**Vedlegg – Prisar for oppmålingstenester 2025**

**Fastsett:** Volda kommunestyret 12.12.2024 i PS 113/24

**Ikraftsetjing:** 1.januar 2025

## **§1 Føremål**

Gebyrregulativet skal:

- sikre at kommunen sitt gebyrregulativ er i samsvar med matrikkellova
- legge opp til gebyr som fremjar føremåla med lova
- gje lettare samanlikningsgrunnlag av kommunale gebyr også i høve KOSTRA-rapportering
- gje eit regulativ som er oversiktleg og er enkelt å praktisere
- gjere kommunen medveten på sine eigne kostnadars og for mogleg dekning av sjølvkost i høve til retningslinjer for utrekning av sjølvkost for kommunale tenester, publikasjon H-2140 utgitt av Kommunal- og regionaldepartementet (KRD).

Føremålet med unntak frå fastsett frist til gjennomføring av oppmålingsforretning er å kunne utsetje gjennomføring av oppmålingsarbeid om vinteren.

## **§2 Definisjonar og forklaringer**

Ordet gebyr tyder eigentleg "det som tilkjem ein". Gebyr etter Lov om eiendomsregistrering (matrikkellova): lovheimla pengevederlag for enkeltoppgåver som kommunen utfører som mynde.

For andre omgrep sjå matrikkellov og matrikkelforskrift.

## **§3 Heimelsgrunnlag**

Matrikkellova §§30, 32 med tilhøyrande forskrift §§16 og 17 heimlar gebyrfastsetting etter matrikkelloven.

§ 18 i matrikkelforskrifta gjev heimel til unntak for tidsfristar til gjennomføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret.

### **§3.1 Betaling for utlevering og handsaming av opplysningar frå matrikkelen etter matrikkellova § 30**

Kommunen sitt høve til å levere ut og ta betaling for matrikelopplysningar vert avgjort av Statens kartverk og er såleis ikkje omfatta av dette gebyrregulativet, jf. matrikkelforskrifta § 17.

### **§3.2 Bakgrunn for gebyra**

I premissane for matrikkelloven er det sagt at kommunane skal få dekt sine kostnadars i samband med lova i form av gebyr.

Det skal være eitt samla gebyr for oppmålingsforretning og matrikkelføring.

For oppgåver utført som mynde skal det generelt ikkje krevjast meirverdiavgift. Alle oppgåvene spesifisert i matrikkellovas kap.5 og 6 er oppgåver utført som mynde, og derfor friteke for meirverdiavgift, jf. Merverdiavgiftslova §5b, første ledd nr 7.

## **§4 Generelle føresegner**

### **§4.1 Betalingsplikt**

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet vert retta mot rekvirent dersom ikkje anna skriftleg er avtalt.

Saksgebyr etter matrikkelova skal betalast sjølv om saka ikkje vert fullført, men etter ein redusert gebrysats.

Dersom rekvirenten av ulike årsaker har betalt for mykje i gebyr, skal kommunen så snart det er klarlagt, betale tilbake det som er betalt for mykje. Ein kan ikkje krevje rentetillegg dersom ein har betalt inn for mykje i gebyr.

### **§4.2 Kva regulativ skal nyttast**

Gebyr for arbeid etter matrikkellova skal utrekna etter det regulativet som gjeld den dato kommunen mottek ein fullstendig rekvisisjon.

### **§4.3 Tidspunkt for betaling**

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr.

Kommunen kan krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelige gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

### **§4.4 Endring av regulativet eller gebrysatsar**

Storleiken på gebrysatsane etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Administrasjonen skal legge forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

### **§4.5 Gebyr til statlege etatar**

Der kommunen skal krevje inn gebyr til statlege etatar som eks. tinglysingsgebyr og dokumentavgift for saker etter dette regulativ, skal utskriving og innkrevjing av statlege og kommunale gebyr skje samordna.

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturerert vidare til rekvirenten.

### **§4.6 Timepris**

Timekostnad i dette regulativ skal dekkje både direkte og indirekte kostnadar.

### **§4.7 Urimeleg gebyr**

Dersom gebyret er klart urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadar kommunen har hatt, kan rådmann eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit passande gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr. Avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan pålagast etter reglane i forvaltningslova.

#### **§4.8 Innhenting av opplysningar**

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten etter medgått tid.

#### **§4.9 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering**

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebrysatsene sett til 1/3.

#### **§4.10 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka**

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

#### **§4.11 Klage**

Enkeltvedtak etter dette regulativet kan pålagast. Fylkesmannen er klageinstans. Klage på gebyrfastsetjing gir ikkje utsetjing av betalingsfristen. Klagefrist er 3 veker.

Fastsetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje pålagast, jf. § 40 i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan pålagast etter reglane i forvaltningslova.

#### **§4.12 Unntak for tidsfristar - vinter**

Tidsfristen som er sett i matrikkelforskrifta § 18 første ledd går ikkje i perioden 1.desember til 1.april.

# Vedlegg – Prisar for oppmålingstenester 2025

Fastsett: Volda kommunestyret 12.12.2024 i PS 113/24

Ikraftsetjing: 1.januar 2025

## A. Oppretting av matrikkeleining

A.1.	Oppretting av matrikkeleining og festegrunn			
a)	Areal frå 0 - 2.000 m <sup>2</sup>		kr	22 500
b)	Areal frå 2.001 - 20.000 m <sup>2</sup>	auke pr påbegynt da	kr	1 700
c)	Areal over 20.001 m <sup>2</sup>	etter medgått tid - minstegebyr	kr	37 900
	Ved samstundes frådeling av tomter som grensar til kvarandre, er gebyret 50% av ovanståandegebyr frå og med tomt nr. 2.			
A.2.	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn			
a)	Areal frå 0 - 2.000 m <sup>2</sup>		kr	7 500
b)	Areal frå 2.001 - 20.000 m <sup>2</sup>	auke pr påbegynt da	kr	1 700
c)	Areal over 20.001 m <sup>2</sup>	minstegebyr	kr	12 700
A.3.	Oppmåling av uteareal på eigarseksjon			
a)	Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon		kr	22 200
b)	Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, per seksjon		kr	4 400
A.4.	Oppretting av anleggseigedom:			
	Gebyr vert fastsett etter medgått tid - minstegebyr		kr	8 400
A.5.	Registrering av jordsameige:			
	Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid. Kostnadene som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten.	minstegebyr	kr	7 500
A.6.	Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn			
a)	Areal frå 0 - 500 m <sup>2</sup>		kr	23 100
b)	Areal frå 501 - 5.000 m <sup>2</sup>		kr	29 600
c)	Areal frå 5.001 - 20.000 m <sup>2</sup>		kr	40 000
d)	Areal over 20.001 m <sup>2</sup> etter medgått tid - minstegebyr Der tilleggsarealet kjem frå fleire eigedomseiningar, skal det reknast gebyr for kvar frådelt parsell.		kr	40 000
A.7.	Oppretting av punktfeste			
a)	Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste med måling ute		kr	11 600
b)	Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktfeste utan måling ute		kr	1 400

## B. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Satsar etter A.1, A.2, A.4 og A.5. gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning.		
	kr	5 800

### C. Grensejustering

C.1.	Grunneigedom, festegrunn og jordsameige:			
	Areal frå 0 - 500 m <sup>2</sup>		kr	19 500

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5% av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m<sup>2</sup>). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgj areal som i sum overstig 20% av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til vegformål kan andre arealklasser gjelde.

C.2.	Anleggseigedom			
	Volum frå 0 - 1.000 m <sup>3</sup>		kr	16 900

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5% av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1.000 m<sup>3</sup>.

### D. Arealoverføring

D.1.	Grunneigedom, festegrunn og jordsameige			
a)	Areal frå 0 - 2.000 m <sup>2</sup>		kr	26 000
b)	Areal over 2.001 m <sup>2</sup>	auke pr påbegynt da	kr	1 900

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegføremål.

D.2.	Anleggseigedom			
a)	Areal frå 0 - 2.000 m <sup>3</sup>		kr	26 000
b)	Areal over 2.001 m <sup>3</sup>	auke pr påbegynt da	kr	1 900

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

### E. Klarlegging av eksisterande grense

E.1.	Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning			
a)	For inntil 2 punkt		kr	4 500
b)	For overskytande grensepunkter	pr punkt	kr	1 250
E.2.	Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt/eller klarlegging av rettigheter			
a)	For inntil 2 punkt		kr	9 500
b)	For overskytande grensepunkter	pr punkt	kr	1 800

Gebyr for kartlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. Dersom alle grensene kring eigedomen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter pkt A.1.

### F. Kontorforretning (jf matrikkelforskrifta § 40, matrikkellova § 10)

Gebyr vert fastsett etter medgått tid		Minstepris	Kr	5 400
---------------------------------------	--	------------	----	-------

Fylgjande oppmålingsforretninger kan gjennomførast som kontorforretning utan oppmøte i marka:

- 
1. Omgjering av festegrunn til grunneigedom, eller frådeling av heil teig når grensene er tilfredsstillande merka og koordinatfastsett i tidlegare oppmålingsforretning eller tilsvarande forretning.
  2. Tilsvarande for arealoverføring, grensejustering og klarlegging av eksisterande grense, når grensene er tilfredsstillande merka og koordinatfastsett i tidlegare oppmålingsforretning eller tilsvarande forretning.
  3. Frådeling eller arealoverføring der eininga er så stor at det er urimeleg å krevje oppmåling av vedkommande grense dersom dette ikkje er til ulykke for utnytting av eininga, vanlegvis frådeling eller arealoverføring av utmarksareal som ikkje skal byggjast på.
  4. Frådeling der det er godt gjort at det er tvist om dei eksisterande grensene.
  5. Forretningar der uteareal til eigarseksjon er eintydig fastsett med koordinatar.
  6. Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn.
  7. Registrering av uregistrert jordsameige.
  8. Når det av andre grunnar ikkje er formålstenleg å krevje måling eller merking av vedkommande grense.

#### **G. Privat grenseavtale:**

Gebyr vert fastsett etter medgått tid

#### **H. Klarlegging av rettar**

Gebyr vert fastsett etter medgått tid

#### **I. Timepris**

Timepris, vanleg arbeid	kr	1 600
-------------------------	----	-------

#### **J. Matrikkelbrev**

a) Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr	175
b) Matrikkelbrev over 10 sider	kr	350